

NVE – Konsesjons- og tilsynsavdelingen
v/ Rune Moe
Postboks 5091
0301 Oslo

Veitastond 31.3.2014

Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK), Luster kommune. Svar frå Øvre- og Nedre Storelvi Kraft i samband med tilleggsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til e-post datert 27.3.14, der Dykk ber om Øvre- og Nedre Storelvi Kraft (ØNSK) sine kommentarar til tilleggsfråsegner. Oppsummert synest vi det er veldig positivt at Luster Kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune støttar utbyggingsalternativa så eintydig. Dette meiner vi viser at prosjekta har god lokal og regional støtte. Vidare meiner vi det er verdt å merke seg frå Luster kommune si fråsegn at; *"Kommunestyret tilrår at tidspunktet for omstilling til minstevassføring sommar vert endra til 1. juni."*

Når det gjeld fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag er det positivt at dei ser på desse alternativa som betre miljøtilpassa enn det opphavlege prosjektet.

Vi viser også til tidlegare oversendt Notat frå Bystøl, s. 2 første avsnitt, der prioriteringa til dei ulike alternativa kjem tydeleg fram:

"Frå søkjar si side vert fylgjande prioritering gjort gjeldande:

1. Bygging av Øvre Storelvi og Nedre Storelvi kraftverk som to separate kraftverk.

Minstevassføring som opprinneleg omsøk for øvre fall (sommar: 2,5 m³/s og vinter 0,67 m³/s).

Minstevassføring om sommaren vert for nedre fall oppjustert til 5,4 m³/s. Tidspunktet for omstilling til minstevassføring for sommarsesongen vert sett til 1. juni.

2. Samla utbygging med kontinuerleg vassveg frå inntaket ved øvre fall til stasjon ved nedre fall.

Minstevassføring om sommaren vert oppjustert til 5,4 m³/s. Tidspunktet for omstilling til minstevassføring for sommarsesongen vert sett til 1. juni."

Vennleg helsing

Kjell Jarle Bruheim